



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
16.02.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/2466 451.2  
Dykkar referanse

Til adresseliste

### **Manglande strategi for SMIL-tilskot (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket)**

Fylkesmannen i Hordaland kan ikkje sjå å ha motteke SMIL-strategi frå kommunen, gyldig for 2018. Dette vil innebære at kommunen ikkje får tilskotsmidlar til SMIL-ordninga (spesielle miljøtiltak i jordbruket) i 2018.

Dersom det likevel ligg føre ein gyldig SMIL-strategi for kommunen for 2018, ber vi om at de sender denne til Fylkesmannen snarast og **innan tysdag 20. februar**. I så fall vil kommunen likevel få tilskotsmidlar til SMIL-ordninga for 2018, når desse no skal bli fordelt.

### **Regelverk og bakgrunn**

Det er krav om at kommunen skal fastsetje overordna retningsliner for prioritering av søknader om SMIL-tilskot, jmf *Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket* § 8.

Fylkesmannen i Hordaland presiserte i brev av 8. mars 2017 (forventnings- og tildelingsbrev landbruk) at kommunar utan oppdatert tiltaksstrategi ikkje vil få SMIL-tilskot i 2018, og bad om å få tilsendt gjeldande tiltaksstrategi innan 15. mai 2017.

For kommunar som ikkje hadde levert SMIL-strategi innan fristen blei det i e-post 29. august sett ny frist 31. oktober. I e-post til alle kommunar 7. november minna vi om at vi framleis mangla SMIL-strategi frå nokre kommunar. Vi kan framleis ikkje sjå å ha motteke strategi for dykkar kommune.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Mottakaraliste:  
Granvin herad  
Austrheim kommune  
Fedje kommune  
Masfjorden kommune

Kopi til:  
Otter Myrtveit  
Thomas Sjøflot  
Kjartan Nyhammer